

## MØTEPROTOKOLL

**Utvalg:** Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF  
**Møtedato:** 18.02.2019  
**Møtets varighet:** 09:45 – 15:00  
**Sted:** Storhornet, adm.-bygget Ålesund  
**Saksnr.:** BU06/19 – BU14/19  
**Arkivsak:**

---

**Møteleiar:** Ingrid Løset

**Møtande medlemmer:**

Ann Helene Skare  
Atle Tangen  
Hilde Marie Kleiven  
Inger Nossen Sandvik  
Torill Bøe  
Anne Grete Mongstad  
Asbjørn Ringdal Gausdal  
Jakob Strand

**Fra administrasjonen møtte:**

Administrasjonskonsulent Marianne Gravem (referent)

**Andre:**

Helge Ristesund

**Forfall:**

## **BU05/19 Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Vedtak:**

Brukarutvalet godkjenner innkalling og saksliste og protokoll 07/18 og 01/19 blei underteikna.

## **BU06/19 Orientering frå ass. direktør Helge Ristesund**

- Stor aktivitet i staben for tida.
- Mykje arbeid og aktivitet knytta til dei store tiltaka som må til for at HMR skal verte meir berekraftig både fagleg og økonomisk. Saker som var venta å fatte vedtak på 20.02.2019 i styret, er utsett til 27.03.2019.
- SNR – arbeid om konkurransegrunnlaget pågår. Det er ambisjon om at det skal sendast ut i månadskiftet mars/april slik at anbodet kan kontraherast etter sommarferien. Det er oppretta eit prosjektråd, som skal gi råd til direktør. Det jobbast med faktorer i prosjektet som kan gjerast noko med for å få ned kostnadane. Innhold og funksjon skal takast i vare og entreprenørane skal kunne kome med gode ideer til løysingar. Det er ny direktør i Sykehusbygg.
- Nytt tilbod i Kristiansund på nyrestein. Pasient-lekkasje i denne pasientgruppa vil dermed bli mindre.
- Gamle hjelpemiddelsentralen er no teken over og det brukast no tid på å gå over teknisk stand og reparere utvendige skader.
- Revmatologisk avdeling i Klinikk for medisin og rehabilitering (Kristiansund og Ålesund), finner gode løysingar for pasientane.
- Ny maskin til beintetthetmåling i Volda, er nå finansiert ved innsamling.

### **Vedtak:**

Brukarutvalet tek orienteringane til vitande og ser positivt på at gamle hjelpemiddelsentralen no er kjøpt og at arbeidet med å legge til rette for flytting av barnehabilitering er i gang.

Brukarutvalet er glad for at det arbeidast med å finne gode løysingar til revmatiker-gruppa i Ålesund og Kristiansund.

## **BU07/19 Orienteringssaker**

Brukarutvalet fekk orientering om:

- Regionalt nettverkssamling 8. april – Brukarutvalet ønskjer direktør/assisterande direktør velkommen inn i samlinga.
- Traumegruppemøte som Ann Helene Skare og Jakob Strand deltok i 14. desember 2018.

### **Vedtak:**

Brukarutvalet tek orienteringane til vitande

## **BU08/19 Munnleg orientering frå møter i råd og utval HMR**

Brukarutvalet sine medlemmer har delteke på fleire ulike møter som blant anna ROS-analyser knytt til styresaker, styringsgrupper og arbeidsgrupper. Samt dei faste representasjonane som lokale samhandlingsutval, KPU, KEK og dialogmøtet mellom kommunane og helseføretaket.

- BU09/19 Referatsaker** (utan saksframlegg)
- Protokoll frå styremøtet 04.12.2018
  - Protokoll frå styremøtet 24.01.2019
  - Protokoll frå styremøte 15.01.2019 blei lagt fram på brukarutvalsmøte 16.01.2019

**BU10/19 Justering av representant inn i Forhandlingsutvalet**

**Vedtak:**

Brukarutvalet vert representert i forhandlingsutvalet for revisjon av samhandlingsavtalen ved Ingrid Løset og Ann Helene Skare. Inger Nossen Sandvik er vara.

**BU11/19 Styresakene til 20.02.2019**

**Vedtak:**

Brukarutvalet har følgjande innspel til styresakene:

- 1) Årlig melding:
  - Brukarutvalet merka seg at bruk av tvang i psykiatrien har gått ned.
  - Det blei og stilt spørsmål om status på arbeidet til sjukehuskoordinatorane.
- 2) Årsberetning  
Alle i Brukarutvalet må lese gjennom utkastet til årsberetninga og kome med innspel på skrive- eller faktafeil.
- 3) Statusrapportane:  
Brukarutvalet har merka seg at helseføretaket har kun 35% måloppnåelse på oppnådde tiltak på lønnsområdet. Brukarutvalet ser positivt på at talet på utskrivingsklare pasientar har gått ned.
- 4) Oppfølging budsjett 2019 og operasjonisering av utviklingsplan:
  - Brukarutvalet viser til sine tidlegare vedtak og protokolltilførsler til styret.
  - Brukarutvalet er nøgde med at saka ikkje skal opp til realitetshandsaming i styremøtet 20.02.2019. Dette vil gi prosessane betre tid til å finne gode løysingar til beste for pasientane. Vil også sikre betre involvering av brukarar og eksterne samarbeidspartnarar, mellom anna kommunane.

**BU12/19 Internrevisjonsprogram for HMN 2019**

**Vedtak:**

- 1) Brukarutvalet sluttar seg til innspela frå leiinga i Helse Møre og Romsdal.
- 2) Brukarutvalet ønskjer revisjon på korleis tiltaka som skal settast i verk etter styremøtet i mars, vil verke inn på pasientbehandlinga.

- 3) Brukarutvalet vil særleg peike på at det vert brukt lang tid frå revisjon er gjort til ferdig revisjonsrapport ligg føre.
- 4) Brukarutvalet er også opptekne av følgjande tema:
  - Variasjon i helsetjenester
  - Bruk av tvang i psykisk helsevern
  - Ambulansetenesta

**BU13/19      Eventuelt**

- Representasjon i artroseforskning ved Katarina Mølseter. Daniel Ask er meldt som representant frå brukarutvalet. Sender henvendinga vidare til revmatikerforbundet.

**BU14/19      Godkjenning og signering av møteprotokoll 18.02.2019**

**Vedtak:**      Brukarutvalet godkjenner protokoll 02/19 frå 18.02.2019.

Ålesund, 18.02.2019

Neste møte er 25. mars 2019

Møtet slutt kl. 13:30

---

Ingrid Løset

---

Ann Helene Skare

---

Inger Nossen Sandvik

---

Atle Tangen

---

Anton Iversen

---

Anne Grete Mogstad

---

Torill Bøe

---

Jakob Strand

---

Hilde Marie Kleiven

---